imf Rogaland
Indremisjonsforbundet
Blad for Indremisjonsforbundet i Rogaland
Nr 5 - 2018. Årgang 58

# SISTE INDRE

## Vi er gode nyheter



*Kretsleder Torgeir Lauvås*

# Det er synd å si det, men synd er fremdeles hovedproblemet.

Klimautfordringen. Jeg tipper at et stort flertall av våre stortingspolitikere ville sagt at klima er hovedproblemet som både våre nasjonale og alle internasjonale politikere må finne løsningen på før det er for seint. Men, er klimautfordringen vårt aller største problem?

Vi nærmer oss jul og enda en feiring av at gudesønnen, Jesus Kristus, kom til jord for å løse hovedutfordringen for menneskeheten. Jødegutten som vokste opp i en uviktig, liten landsby i det nordlige Israel, ble pålagt en tung byrde å bære av sin egen Far. «Se, der er Guds lam som bærer verdens synd» ropte døperen Johannes ved elvebredden da Jesus dukka opp. Bibelen forteller oss at Jesus ble gjort til synd for oss. Ditt og mitt skyldbrev, alle våre brudd på Guds høye etiske standard i tanker, ord og gjerninger var lista opp og ble stemplet på Jesus selv slik at han måtte dø for oss.

Jesus kom hit til jord på grunn av min synd. Han døde på korset på grunn av min synd. Han kalte meg, og kaller oss alle til seg for å berge oss fra synd og død. Synd var hovedproblemet for de første menneskene, det var Peter og Johannes sitt hovedproblem, og det er mitt største problem i dag. Synd er hele menneskehetens store problem. Synd er verdens største utfordring og hindring fordi synden utestenger oss fra fellesskap og framtid med vår skaper og himmelske Far. Synd skaper verdens største forsøplingsproblem, det er det ikke plasten som gjør. Synd ødelegger forhold både mellom Gud og mennesker. Samtidig er det synd å forsøple, det er synd å ødelegge klimaet vårt. Forurensing og miljøkriminalitet tok Jesus straffen for. Derfor er det naturlig at vi som tror skal vise respekt for skaperverket ved å leve miljøvennlig.
Vi mennesker har aldri opplevd større katastrofer i menneskehetens historie enn syndeopprør mot Gud og hans vilje. Vi har heller aldri sett en større redningsaksjon i vår historie enn den dagen da Jesus måtte dø for våre synder. Bibelen setter ord på problemet. Synd er, og vil alltid være det største problemet for oss mennesker. Vi syndige mennesker har forårsaket så mye krig, hat og grusomheter at vi bør forstå at synd er verdens giftigste virkestoff.

Nåde er verdens mest positive virkestoff. Det skaper håp, frelse, nytt liv og et gjenoppretta forhold mellom mennesker og Gud. Nåde er verdens nydeligste ord. I Guds rike gjelder en sterk lov: Der synden ble stor, ble nåden enda større.
De gode nyhetene er at hovedproblemet allerede er løst. Guds redningsplan er fullført.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:

| | |
|---|---|
| Anne Berit Aarsland | 977 67 073 |
| Terje Slettebø | 51 79 38 80 |
| Anne Birgitte Auestad | 920 90 232 |
| Tore Nesvåg | 915 49 912 |
| Monica Pollestad | 416 80 773 |

**Kretsleiar**
Torgeir Lauvås
Tlf 971 71 745

**Kretsstyreleder**
Egil Vigdel
Tlf 464 11 819

Bankgironr.
8220.02.80101
vipps # 21841

**SISTE INDRE**
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 5 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**
Mjølhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove Braut Tlf. 951 00 842

Forsidebilde: Kjekt på Besteleir på Ognatun. (Bilde: ImF-Rogaland)

Av Håkon Garvo, forkynner i ImF.

# Sammen er vi sterke!

Fil 1,27b: «….at dere står fast i én Ånd og at dere med én og samme sjel kjemper sammen for troen på evangeliet.»

Jeg så en gang et naturprogram på Tv om maur. Det er spennende å undersøke alle de fantastiske skapningene Herren har skapt! Maurene opplevde motgang, det var en stor flom som var på vei mot deres tue. Så vidt jeg vet så kan ikke maur leve under vann, det var en krise som var i ferd med å oppstå! Personlig hadde jeg liten tro på maurene, de virket så ynkelige og små mot den store vannmengden. Men maurene gjorde noe utrolig i møte med flommen: de lagde en flåte! Denne flåten bestod kun av maurene i maurtua, intet annet materiale var brukt. De fordelte seg ut over et område, klamret seg sammen til hverandre og for bortover på vannet. På denne flåten byttet maurene på å være underst slik at ikke flåten skulle kollapse ved at det nederste maurene druknet, det var fascinerende å se! De kjempet for livet og klarte det ved å holde sammen. Hvis maurene hadde gått hver for seg hadde ingen av dem klart å overleve.

Når jeg leste dette verset i Filipperbrevet tenkte jeg på det jeg så hos maurene, jeg tror det er noe vi kristne må gjøre i den tiden vi er inne i. Stå opp sammen og kjempe for vår tro! Vi trenger hverandre, vi trenger å være nær våre brødre og søstre i troen, spesielt i en framtid som virker usikker. Vi ser det rundt om kring i vår verden, det er ikke lett å stå fast på Guds Ord og kalle seg en kristen. Dette er noe som siger sakte men sikkert også inn i vår del av kloden. Vi trenger å hjelpe hverandre å tro, minne hverandre på det vi har fått fra vår Frelser, samle oss om det som skal hjelpe oss på veien hjem mot Gud.


*Håkon Garvo.*

Hebr 10,23-25: «La oss uten å vakle holde fast ved bekjennelsen av vårt håp, for Han som ga løftet, er trofast. Og la oss se til hverandre for å tilskynde til kjærlighet og gode gjerninger. Og la oss ikke svikte vår egen forsamling, slik noen pleier å gjøre, men la oss formane hverandre, og det så mye mer som dere ser at Dagen nærmer seg.»

---


*Andakt av generalsekretær Erik Furnes.*

# VINTERBASAR MED KOMLER

Bjerkreim og Egersund 9. februar 2019.

I år får vi sang av Kvitsøykarane om formiddagen i Egersund og på kvelden i Bjerkreim og andakt av selveste generalsekretær Erik Furnes om kvelden. Ellers planlegges dagen etter samme «lest» som tidligere, nå også med glutenfrie komler.

**I Egersund**: Formiddagskafe med rullelapper og god mat fra kl. 10, samlingsstund kl. 12, salg av bjerkreimskomler ca. kl. 12.30.

**I Bjerkreim:** Komlesalg m.m. fra ca. kl.12. Sangstund på sjukeheimen kl. 16. Stor basarkveld
Kl. 18, med sang og andakt, åresalg, matpause og hovedtrekning.
VELKOMMEN både her og der – vi ber om gode samlinger om Guds ord og god inntekt til indremisjonen i Rogaland.

MM

# Spennande økonomisk avslutning av året!

Eit driftsunderskot på 200 000 kr var målsetjinga for ImF-Rogaland i 2018 når budsjettet vart vedteke. Nå viser dei økonomiske prognosane at kretsen går mot eit underskot på i underkant av 400 000 kr.

Ved utgangen av september har krinsen eit underskot på 736 000. På same tid i fjor var underskotet på 306 000. Erfaringa frå tidlegare år viser at spesielt desember er ein god økonomisk månad for ImF-Rogaland. Og med same utvikling i økonomien i år som tidlegare år peiker altså prognosane 1. okt. mot eit underskot på i underkant av 400 000 kr.

Av einskildpostar er det innbetalingar frå lag og foreiningar som har størst avvik i forhold til både budsjett og samanlikna med fjoråret. Kr 373 930 mot 668 082 på same tid i 2017.

Rekneskapen for oktober var ikkje klar når Siste Indre skulle i trykken, men vi kan likevel sjå at økonomien har utvikla seg som forventa denne siste månaden. Dette gjer at vi må ha ein ekstra god økonomisk avslutning i november og desember for at driftsresultatet for 2018 skal koma ned mot budsjettert underskot på 200 000.
Håper at mange har høve til å bruka vedlagt giro i bladet og gje ei god julegåve til arbeidet!
Hjarteleg takk til alle som står med og ber arbeidet økonomisk, vi gleder oss over alle trufaste gjevarar, og prøver å legge til rette for ei trygg økonomisk utvikling framover.

For kretsstyret
Terje Slettebø, adm.leiar

# Gravferdsfokus i bedehusland

-Vi må vera forberedt på å få spørsmål om å leia gravferder i bedehusregi i tida framover. Dette vil særleg vera aktuelt når personar døyr som er medlemmar i ImF-Tru eller NLM tru.

▶ Av Terje Slettebø



Dette sa kretsleder Torgeir Lauvås i innleiinga på ei samling på Ognatun tysdag 23. okt. som hadde fokus på gravferder i bedehusland. Tema for samlinga var: Korleis leder og gjennomfører vi ei gravferd når familien ynskjer dette?

Tidlegare gravferdskonsulent, Borgny Å. Skretting var med og gjekk igjennom kva oppgåver eit gravferdsbyrå tek på seg i førebuing og gjennomføring av gravferder. Pensjonert prest, Jan Roald Dahlstrøm hadde fokus på sørgesamtalen og korleis leie sjølve gravferda. Han delte av sin lange erfaring og hadde mange nyttige råd og tips å gje.

Det møtte fram 11 personar frå 8 ulike forsamlingar/foreiningar i kretsen. Stemninga rundt bordet var at dette hadde vore ei nyttig samling. Og i avslutninga hadde Torgeir Lauvås ei todelt utfordring som vi skulle ta med heim. Gjer det kjent i din lokale forsamling at gravferd i bedehusland er mogleg, og legg ein plan for kva ein vil gjera i den lokale forsamling om de får spørsmål om å leia ei gravferd?



Kretsledaren opplyste også at han er i ferd med å knytte til seg ressurspersonar på området, slik at ImF-Rogaland kan ha tilgjengeleg resursar for lokale forsamlingar når det skulle bli spørsmål om å leia gravferder.



# Nytt kull med konfirmanter på Nærbø

«Gå derfor og gjør (...) disipler.» Et av Jesu siste ord til sine egne disipler. Dette ordet har vært sentralt i den kristne kirkes utbredelse, og står sentralt for oss i konfirmantarbeidet. Det er visjonen vi jobber mot, at våre konfirmanter skal få muligheten til å kjenne, elske og tjene han som har skapt oss.

▶ Av Tore Nesvåg


*Konfirmanter og ledere samlet ved oppstarten av undervisningen i høst.*

Det er både utfordrende, kjekt og ikke minst meningsfullt å være med på! I en spennende tid hvor stadig flere bedehus tenker på forsamlingsbygging, er Nærbø bedehus med å forme erfaringer som vil være verdifulle i bedehuslandskapet fremover, og samtidig bety en forskjell for ungdommer i en viktig tid. Konfirmantåret er en glimrende mulighet til å hjelpe disse unge menneskene til å undre seg over noen av livets store spørsmål, og veilede dem til svarene vi kan finne hos Jesus, vår levende Gud. Det kommer tydelig frem at vi har nye konfirmanter i år, ungdommer som stiller seg andre spørsmål og har andre interesser enn fjorårets konfirmanter. Det er spennende! Vi legger stor vekt på at konfirmantene skal få muligheten til å undre seg, stille høyt de spørsmålene de tenker på, og ha ledere som våger å lytte og ta dem på alvor i sine spørsmål.



## Ognatunkafe

**26. febr. kl 11.00-14.00**
**Barnemøte kl. 12.00**

**26. mars. kl 11.00-14.00**
**Sangstund med andakt kl. 10.30**
**Ta med familie og venner til ein hyggeleg lunch på Ognatun!**



# Ognatunbasaren

Ognatunbasaren i år gav eit flott resultat på kr 166 000. Dette er eit viktig handslag til Ognatun og arbeidet her. Basarkvelden var også ein flott og oppbyggeleg kveld.

Hjarteleg takk til alle som på ulike måtar bidrog til ein flott kveld og eit godt økonomisk resultat.

*For Ognatunforeiniga sør, Tove Braut*



*Koret Hananja sang på Ognatunbasaren.*

# På leir med mor

Ognatun 08.-10. febr.

For barn født i 2011-2013 saman med mor.
Temasamling for dei voksne:
Forkynning og song ved Silje Sandanger
Pris 680/1465
Påmelding: imfrogaland.no innan 14. jan.
Velkommen








**Talar: Borghild Bøhn Tonstad**
**Besøk av Johannes Kleppe med Bibeltypografi**
**Velkomen til åndeleg og sosialt fellesskap!**
**Festkveld - Utlodning**

**Pris kr 1650, einerom kr 2050**
Påmelding på ImF-Rogaland si nettside:
**imfrogaland.no (el. tlf. 51 79 38 80)** *Påmeldingsfrist 01. mars*



# Kall til Finnmark!



*Ole Laurits Tønnessen.*



*Svein Hansen utanfor bedehuset Betania i Hammerfest. (Bilde: Finmarkshilsen)*

Gjennom T2-året på Bildøy med praksisplass i Finnmark indremisjon, fekk Ole Laurits Tønnessen frå Klepp stasjon kall til å arbeida vidare med misjonsarbeid i Finnmark.

▶ Av Terje Slettebø

Nå arbeider han 50 % som Barne og ungdomsarbeidar i Finnmark indremisjon og 50% som tømrarlærling heime i Rogaland. Han har ei ordning der han er 3-4 veker i Finnmark og 3-4 veker i Rogaland. Han opplever at dette er ein god kombinasjon mellom misjonsarbeid i Finnmark og det å treffe folk heime.

**Kallet nordover**
Ole Laurits hadde eigentleg ikkje tenkt å fortsetja i Finnmark etter T2 - praksisen. Planen var å begynna å studera, men han kom ikkje inn på det studiet han ynskte; - I vår kjente eg veldig på eit kall til Finnmark, eg bad mykje over det og samtalte med fleire. Bad om at Gud måtte leggja det slik til rette om det var det eg skulle! Til slutt kunne eg ikkje la vær å satsa på arbeid i Finnmark. Det falt ein ro over meg når eg endeleg bestemte meg for dette, og no opplever eg denne delinga som ei god løysing, fortel Ole Laurits til Siste Indre.

**Hammerfest**
Han bur nå på bedehuset i Hammerfest når han er i Finnmark, og er nabo til predikant Svein Hansen. Første del av hausten var han i Vadsø og Vestre Jakobselv ettersom leilegheita i Hammerfest bedehus ikkje var klar. I første tida i Hammerfest er det viktig for han å bli kjent med folket. Ole Laurits skal vera med og arrangere ungdomskveldar, han er med på KRIK samlingar og vil starte nye ting der han ser behov for det. Noko av det første han vil gjera når han reiser nordover igjen er å starta ei bibelgruppe.







# Ny nettside

ImF-Rogaland jobber med ny nettside. Den vil være klar i løpet av november. Du bør ta en titt på den i slutten av november! imfrogaland.no









NorProfil AS

**Grude Gartneri**
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
4362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

**Trenger du regnskapsfører?**
Besøksadresse:
Myrvegen 2, 4344 Bryne
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Møllevegen 4, 4360 Varhaug
(Felleskjøpet Varhaug 2. etasje)
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
JÆRØK
www.jarok.no

GB GANDDAL BETONG
-kvalitet i fast form
**Mob: 948 63 243**

**Brit Ege Salongen**
**Tlf: 51 48 03 72**

VB VARME & BAD
Bryne Rør A/S
Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no

# Her kan du annonsere!

KROGEDAL
begravelsesbyrå
Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

VIGRESTAD BYGG
WWW.VIGRESTADBYGG.NO
Tlf: 958 19 505

**Pål Hatteland AS**
**Entreprenør**
Mob 99278710

GRUDE BYGG
Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50
NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

# Astor Industri Eiendom AS

ASTOR INVESTERING AS

**Haugstad Eiendom AS**
Postboks 37
4369 Vigrestad

**Vigdel Engineering AS**
**Telefon 46 41 18 19**
**Egil@vigdelengineering.no**

din trafikkskole
Tlf.: 464 22 022

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren
Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no
En god kontakt på Jæren
EL-PROFFEN

# Vardheiveien Eiendom AS

RIANOR AS

# GM-offshore

WALDELAND MASKIN

- Grunnarbeid
- Transport
- Graving
- Grus/pukk
- Landbruk
- Traktor
- Pressing av rundballer
- Vintervedlikehold
- Brøyting og strøing
Tlf: 90 79 61 44

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning
ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

# Her kan du annonsere!

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

MASKINERING & SVEISESERVICE A/S

# Misjon gjennom relasjon!

-I Young Life går vi ut der ungdommane er, bruker tid saman med dei og byggjer gode relasjonar. Og gjennom dette ynskjer vi å introdusera Jesus for dei unge.

▶ Tekst og foto: Terje Slettebø



*Kjartan Rob er områdeleiar for Young Life sitt arbeid i Stavanger -regionen.*

Dette seier Kjartan Rob som er områdeleiarleiar for Young Life sitt arbeid i Stavanger -regionen. Han er også leiar for Young Life sitt arbeid i Norge saman med Leif Ørjan Thingbø.

**Nød for dei unge**
Kjartan vart kjent med Young Life sitt arbeid gjennom kona. Her møtte han noko som var nytt i forhold til tradisjonelt kristen ungdomsarbeid som han hadde vore aktivt med i tidlegare; -Eg møtte ein ekte interesse for den einskilde. Leiarane kjente namna på overraskande mange ungdommar, og dei brydde seg om dei. Ungdommar som kom frå ikkje - kristne heimar og som ikkje var frelst. Her investerte dei i dei unge og bygde relasjonar til dei. Gjennom dette vart ein nød lagt på meg, fortel Kjartan, og legg til med engasjement i stemmen; -Vi må be om å få nød for alle dei unge.

**Tatt på alvor**
Visjonen til Young Life er å introdusera dei unge til Jesus og hjelpa dei å veksa i tru. - Ungdommar fortener å bli tatt på alvor og høyrt. Vi ynskjer å introdusera Jesus i ein "ven-til-ven" - relasjon, utdjupar Kjartan. Dei vi får kontakt med får tilbod om bibelgrupper, og vi arrangerer også leirar for ungdomane.

**Ungdomane sin heimebane**
Young Life ynskjer å vera ein forlenga arm for forsamlingane ut til tenåringane. Dei driv oppsøkjande arbeid og treffer ungdomane på deira heimebane. Young Life har eit god samarbeid med mange forsamlingar og vil gjerne vera med og inspirera til målretta arbeid ut mot dei unge. For leiarane er det viktig å læra seg ungdomskulturane slik at dei er kjent med bakgrunnen og livet til dei ein møter.

**Resultat av arbeidet**
I Rogaland har Young Life klubbar på Madla og Hundvåg. Og Kjartan fortel at mange av leiarane i desse klubbane er personar som har møtt Jesus gjennom Young Life sitt arbeid. Han syns det er utruleg kjekt å sjå slike resultat av arbeidet. Young Life har også klubbar på Karmøy, i Fredrikstad, og i Oslo.

**Heile verda**
Young Life starta i Texas i 1941 og arbeidet har vakse i USA og vidare ut over heile verda. I dag er det arbeid i 101 land, og 2,2 mill. ungdommar har kontakt med ein Young Life - leiar.


BRYNE REGNSKAP

**Tlf 975 25 110**
**Post@bryne-regnskap.no**
**www.bryne-regnskap.no**







## BØNNE- OG TAKKEEMNE

**Be for:**
- ImF sitt arbeid i Finnmark
- Julemessa
- Førjulsleirane på Ognatun
- Julefeiringa
- Konfirmantundervisninga

**Takke for:**
- Tenleiren
- Besteleiren
- Young Life
- Alle forbedarar
- Bibelskulen på Bildøy



# JULEMESSE

## FREDAG 30. NOV OG LØRDAG 1. DES

Saron, Bryne.
Aud Karin Kjølvik Ringvoll taler.
Salg av julepynt, julekaker m.m
Kafeteria

imf Rogaland



## Fredag 19.00 Sang & musikkmøte

Riskakameratene, allsang, andakt av Aud Karin K Ringvoll,
Salg av pizza m.m, åreslag, kransekakelotteri,
varesalg, julekaker, bruktsalg av bl.a fajanse

## Lørdag 11.00 Åpningsmøte

Andakt av Aud Karin K Ringvoll, KorBra synger
Kafeteria, julekakesalg, grønnsaker,
egg, håndarbeid, åresalg,
Kransekakelotteri.
BARNAS JULEMESSE med aktiviteter,
salg av julegotteri og barneutlodning.



**Bruktsalg av fajanse m.m**

## Lørdag 13.30 Avslutningsmøte

Andakt av Aud Karin K Ringvoll, Hovedtrekning

KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON B
NORGE P.P. posten

Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

## Marknadsdag for Kvitsøy Bedehus:

# Med Norges største hummarbasar



*Godt salg av frukt og grønnsaker. (Foto: Anders Olsen)*



*Mykje folk og god stemning. (Foto: Anders Olsen)*

Marknadsdagen for bedehuset er ein festdag på Kvitsøy. I år kunne dei også reklamere med det som truleg er Norges største hummarbasar.

▶ Av Terje Slettebø

I år var marknadsdagen 20. okt, og formann for Kvitsøy bedehus, Anders Olsen, omtalar dagen som den beste nokon gong. Han kan ikkje huske å ha sett så mykje folk på marknadsdagen før og trur om lag 200 personar var innom.

**Kvalitet**
Dagen starta kl. 11.00 med fisketorg, grønsaktorg, kafé og stor loppemarknad. Her kunne ein mellom anna få kjøpt klippfisk frå Ålesund. I kaféen var det sal av Sørlandskompa, noko som slo godt ann. Anders Olsen fortel at dei er beviste på å ha god kvalitet på produkta, for det er det folk vil ha, og dei er villige til å betale for det også.

**Hummarbasar**
Dagen vart avslutta med samling i møtesalen. Torgeir Lauvås hadde andakt og minna om kor godt det er å tru på Jesus og leva i hans nåde. Til slutt i samlinga var det trekning av 12 hummarar. Dette var nytt av året; -Tidlegare år har vi hatt trekning av fruktkorger, men i år fekk vi lyst å prøva



*Kvitsøy bedehus.*

noko nytt. Ettersom vi er i sesongen for hummarfiske utfordra vi personar her på Kvitsøy som både er knytte til bedehuset og som driv på sjøen, om å skaffa kvar sin hummar til gevinst, og vi enda opp med 12 flotte gevinstar. Eit veldig populært innslag i marknadsdagen, fortel Anders Olsen til Siste Indre.

**Gode opplevingar**
Når Bedehusformannen summerer opp dagen peiker han på tre viktige sider av eit slik arrangement; -Vi opnar opp bedehuset for bredda av folket og får gode samtaler og opplevingar i lag med folk som ikkje går på bedehuset til vanleg. Gjennom ei møtesamling med song og andakt når vi langt ut med evangeliet om Jesus. Og for det tredje er pengane som vi får inn, i år 80 000, viktige til drift av huset. Med eit slikt fellesløft som denne dagen er, kan organisasjonane få bruke bedehuset gratis, avsluttar Anders Olsen.



*Hummaren var en populær gevinst. (Foto: Ellen Ydstebø)*




*Mykje fint på loppemarknaden. (Foto: Ellen Ydstebø)*